
Vår referanse 2021/51227-2
Dato 08.11.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale til dispensasjonssøknad - oppføring av ny bustad - gnr 304 bnr 45 - Fv 564 - Leirvik - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 11.10.2021.

Søknaden gjeld dispensasjon for oppføring av ny bustad på gnr. 304 bnr. 45 i Alver kommune.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttala seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedomen er regulert. Tiltaket treng dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplanen og utnyttingsgrad.

Uttale

Første offentlege veg ved tiltaket er kommunal. Vegen koplar seg sidan på fylkesveg 564 Rosslandsvegen. Den kommunale vegen Beitingsvegen har ei fartsgrense på 50 km/t ved krysset mellom kommunal veg og fylkesveg. Fylkesvegen har ved krysset ei fartsgrense på 60 km/t, og trafikkmengda er 2000 ÅDT. Etter rammeplanen for avkøyrsløse og byggegrenser langs fylkesveg ligg denne strekninga i streng haldningsklasse. Dette betyr at fylkesvegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon.

I krysset mellom den kommunale vegen Beitingsvegen og fylkesveg 564 Rosslandsvegen står det eit busskur i siktsone. Dette fører til dårlege siktforhold, og kan bidra til å skapa trafikkfarlege situasjonar. Det er difor naudsynt å flytta busskuret.

Det føreligg ein reguleringsplan for krysset i frå 1998, med planID 125619960529. I reguleringsplanen er busskuret flytta ut av siktsone i samband med at det er teikna inn ein snuplass for buss. Vi har vore i kontakt med Skyss, og det er usikkert om det i dag er behov for eit så stort tiltak som å byggja snuplassen i samband med flyttinga av busskuret. Dei har derfor ikkje planar for å flytte busskuret no.

Slik som siktilhøva er i krysset mellom den kommunale vegen Beitingsvegen og fylkesveg 564 Rosslandsvegen er i dag vil vi vera negativ til auka bruk. Vi rår difor Alver kommune til å påleggje at busskuret vert flytta slik at siktilhøva i krysset vert utbetra. Dersom det blir sett som eit vilkår før igangsetting av tiltaket at busskuret vert flytta, vil vi vere positive at kommunen gjev dispensasjon til tiltaket.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, ber om å få vedtaket til klagevurdering dersom det ikkje vert stilt krav om utbetring av siktilhøva i krysset.

Vi gjer merksam på at dersom det er andre etatar i fylkeskommunen som har uttale til tiltaket, vil dykk få eige brev om dette.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Govert Edvar Grindhaug
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift